

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 19.05.2021
SAKSHANDSAMAR: Hilde Rudlang
SAKA GJELD: **Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering**

ARKIVSAK: 2020/81
STYRESAK: **053/21**

STYREMØTE: **16.06. 2021**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest tar saka til orientering.
2. Styret ber om at oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering blir lagt fram til endeleg behandling i etterkant av styrebehandling i helseføretaka.

Oppsummering

[Regional plan for habilitering og rehabilitering](#) (2016-2020) har blitt revidert i 2021. Utkast til oppdatert plan med forslag til prioriterte innsatsområde er våren 2021 til behandling i styra i helseføretaka.

[Utkastet til oppdatert regional plan](#) blir no lagt fram til foreløpig behandling i styret i Helse Vest. Oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering vil bli lagt fram til endeleg behandling i styret i Helse Vest i etterkant av styrebehandlinga i helseføretaka.

Formålet med revideringa av den regionale planen er å målrette det vidare arbeidet, og det blir foreslått sju prioriterte innsatsområde for habilitering og rehabilitering:

- 1: Betre implementering av koordinator-ordninga i sjukehusa
- 2: Inkludere habilitering for barn og unge i «Barn og unges helseteneste»
- 3: Styrke legeressursar og nødvendig kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne
- 4: Tidleg start av rehabiliteringa
- 5: Redusere variasjonane i seinfaserehabilitering
- 6: Vidareutvikle infrastruktur for samarbeid på tvers om forskning og kunnskapsutvikling
- 7: Utvikle styringsdata og datakvalitet

For kvart innsatsområde er det ein kort omtale av bakgrunnen for tiltaket, konkrete mål, tiltak for å nå måla og indikatorar for å kunne følgje med på innsatsområda.

Den oppdaterte planen er tilpassa det digitale formatet for «neste generasjon planar», og utkastet er å finne her: www.nestegenerasjonplan.no/heim-planoversikt/regional-plan-for-habilitering-og-rehabilitering

Fakta

Regional plan for habilitering og rehabilitering (2016-2020) har blitt revidert i samsvar med styresak 131/20 AD si orientering pkt. 9 i desember 2020. Det følgjer av denne saka at revidert plan skal leggst fram for styret i Helse Vest i løpet av våren 2021.

I sluttfasen av arbeidet med revideringa har helseføretaka ønska at utkast til oppdatert plan blir behandla i dei lokale styra før planen blir endeleg vedtatt regionalt. Det vil vere viktig med forankring og eigarskap til planen i helseføretaka for å følgje opp innsatsområda. Det blir på denne bakgrunnen lagt opp til styrebehandling i helseføretaka i løpet av våren 2021.

Utkast til oppdatert plan for habilitering og rehabilitering blir derfor no lagt fram til foreløpig behandling i styret i Helse Vest, med sikte på endeleg behandling over sommaren 2021.

Kommentarar

Eksisterande regionale plan

[Regional plan for habilitering og rehabilitering](#) blei vedtatt av styret i Helse Vest i sak 101/15, med planperiode 2016-2020. Planen inneheld ei rekkje forbetringstiltak for å bidra til å nå dei følgjande overordna måla for spesialisert habilitering og rehabilitering i Helse Vest. Desse måla ligg fast:

- Tenesteytarane koordinerer seg om behova til pasienten slik at han/ho opplever tenestene som samanhengande
- Pasienten sine eigne mål for meistring, eigenomsorg og deltaking pregar møtet med helsetenesta
- Det er tydeleg plassering av ansvar og oppgåver innanfor eigne tenester
- Standardiserte, kunnskapsbaserte pasientforløp er utvikla
- Forsking og kunnskapsutvikling er styrka
- Kapasiteten og kompetansen i tenestene møter behova for habilitering og rehabilitering og legg til rette for fagutvikling og forbetningsarbeid
- Datakvaliteten er betra og ein har samanliknbare styringsdata som grunnlag for utvikling og forbetring av tenestene

Dei aller fleste tiltaka har karakter av eit kontinuerleg arbeid over lang tid. Status for oppfølging av tiltaka i helseføretaka blei kartlagt i hausten 2020, og kartlegginga blei lagt til grunn for oppdateringa av planen.

Revidering av planen – prosess

Formålet med å oppdatere planen er å målrette det vidare arbeidet mot dei viktigaste tiltaka.

Utgreiingane i den eksisterande planen ligg framleis til grunn. Planarbeidet i 2015 involverte mange aktørar internt og eksternt (helseføretak, private ideelle, private rehabiliteringsinstitusjonar, kommunar, praksiskonsulent, brukarar m.fl.). Eit planutkast var på ein brei høyringsrunde til mellom anna alle kommunane i regionen.

Oppdateringa i 2021 har vore ein enklare prosess som har involvert leiarar frå relevante einingar i helseføretaka, Haraldsplass Diakonale Sykehus, brukarrepresentant, tillitsvalt, Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering og regionalt helseføretak. Det blei gjennomført tre dialogmøte i februar-mars og rundar med skriftlege innspel. I tillegg har det vore drøfting i det regionale fagdirektørmøtet.

Med bakgrunn i at det var brei involvering i arbeidet med eksisterande plan, blei det ikkje lagt opp til involvering av kommunar eller andre eksterne samarbeidspartar i arbeidet med oppdateringa. Det blir lagt til grunn at kommunane er involverte ved revidering av utviklingsplanane i helseføretaka der også habilitering og rehabilitering bør inngå. Samarbeid om habiliterings- og rehabiliterings-tenestene er inkludert i samarbeidsavtalene mellom kommunane og helseføretaka.

Gjennom samarbeidet i helsefellesskapa skal kommunane og helseføretaka planlegge tenester i fellesskap. Blant dei prioriterte pasientgruppene for felles planlegging er barn og unge og personar med fleire kroniske lidningar (jf. Nasjonal helse- og sykehusplan). Dette er pasientgrupper som også er mottakarar av habiliterings- og rehabiliteringstenester.

Prioriterte innsatsområde

I den oppdaterte planen blir det foreslått sju prioriterte innsatsområde for habilitering og rehabilitering:

- 1: Betre implementering av koordinator-ordninga i sjukehusa
- 2: Inkludere habilitering for barn og unge i «Barn og unges helseteneste»
- 3: Styrke legeressursar og nødvendig kompetanse i habilitering for barn, unge og vaksne
- 4: Tidleg start av rehabiliteringa
- 5: Redusere variasjonane i seinfaserehabilitering
- 6: Vidareutvikle infrastruktur for samarbeid på tvers om forskning og kunnskapsutvikling
- 7: Utvikle styringsdata og datakvalitet

For kvart innsatsområde er det ein kort omtale av bakgrunnen for tiltaket, konkrete mål, tiltak for å nå måla og indikatorar for å kunne følgje med på innsatsområda.

Utkastet til den oppdaterte regionale planen er å finne her: www.nestegenerasjonplan.no/heim-planoversikt/regional-plan-for-habilitering-og-rehabilitering

Kortfatta digitalt format

Den oppdaterte planen er tilpassa det digitale formatet for «neste generasjon planar». Dette er ei ny tilnærming til regionale planar, med digitalt format og kortare og tydelegare prioritering av innsatsområde. Planen skal vere nettbasert, med lenker til utfyllande dokumentasjon som nasjonale faglege rettleiarar, retningslinjer med meir. Det vil bli mogleg å gi direkte tilbakemelding på planen i den nettbaserte løysinga. Innspel vil handterast og planen vil bli revidert jamleg av ein redaksjonskomité med forankring i fagmiljøa i regionen. Ansvar for å følgje opp innsatsområda følgjer linjeleiinga, mens redaksjonskomiteen sitt ansvarsområde er avgrensa til sjølve planen. Prinsipielle endringar vil blir lagde fram styret.

I samsvar med «neste generasjon planar» har val av innsatsområde blitt vurdert i lys av følgjande utvalskriterium. Ikkje alle kriterium er oppfylt for alle innsatsområda:

- Området er ikkje godt nok presisert i eksisterande normerande dokument eller strategiar
- Det er sannsynleg at ein regional prioritering vil gje betre pasientbehandling
- Området har stort potensiale for forbetring av tenestene
- Det er konkrete tiltak som kan setjast i verk
- Området kan bli monitorert gjennom hensiktsmessige indikatorar

Indikatorar for oppfølging av planen

For å få på plass indikatorane for måloppnåing for kvart prioriterte innsatsområde, blir det planlagt å utarbeide faglege rapportar for habilitering og rehabilitering i det regionale systemet for styringsinformasjon.

Det blir lagt opp til å prioritere dette arbeidet hausten 2021. Det inneber at det vil settast ned arbeidsgrupper med fagpersonar/ koordinerande einingar frå HF-a for å samarbeide med analyseteamet i Helse Vest om utviklingsjobben.

Moglege rapporteringspunkt for habilitering og rehabilitering til verksemdsrapporteringa til styret i Helse Vest, vil deretter kunne hentast ut frå dei faglege rapportane.

Konklusjon

1. Styret i Helse Vest tar saka til orientering.
2. Styret ber om at oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering blir lagt fram til endeleg behandling i etterkant av styrebehandling i helseføretaka.